



***PROTOKOLL***

***TELEFONSTYREMØTE***

***25. NOVEMBER 2014***

Det blei halde telefonstyremøte i Fiskarlaget Vest tirsdag 25. november 2014, kl. 1000.

Følgjande deltok: Kåre Heggebø, leiar  
Daniel Stenevik  
Knut Arne Torget  
Helge Olav Vikshåland  
Finn Magnus Alvestad  
Jan Henning Larsen Hestnes (v.m. for Frank Midtbø)

Nestleiar Mons Eivind Troland og styremedlem Jarle Glesnes blei på kort varsel hindra i å delta på bakgrunn av fiskeriverksemd.

Administrasjonen: Britt Sæle Instebø, sekretær

Kontrollnemnda: Jakob Magnar Jakobsen, leiar, var kalla inn pr. sms, men deltok ikkje.

-----

SAK 77/14 Forvaltning av snøkrabbefisket - høyring.

SAK 78/14 Bruk av dobbeltrål i kystrekefisket i Nordland - høyring.

SAK 79/14 Nytt regelverk for fangstbasert akvakultur - høyring.

SAK 80/14 Regulering av jakt på kystsel - høyring.

SAK 81/14 Forskrift om plikt til å bruke los i norske farvann – innseglingskorridorar/  
bordingsfelt - høyring.

SAK 82/14 Regional plan for sjøareal, Rogaland – høyring.

SAK 83/14 Administrativt handsama saker.

SAK 84/14 Makrellfisket i garn-/snøregruppa – spørsmål om utvida reiskapsfleksibilitet –  
oppnemning av utval - høyring.

SAK 85/14 Orientering om organisasjonskurs del I, 01.-02.12.14, Bergen.

-----

**SAK 77/14 FORVALTNING AV SNØKRABBESKIFSKET – HØYRING.**

**VEDTAK:**

«Viser til høyringsbrev av 30.10.14 frå Norges Fiskarlag om saka.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) foreslår eit generelt forbod mot fiske etter snøkrabbe i heile det norske jurisdiksjonsområdet, inklusiv Svalbard, med mogelegheit for dispensasjon på vilkår.

Styret i Fiskarlaget Vest seier seg einig i dette, men styret vil peike på at dispensasjonsvilkåra og regulering med omsyn til område, periode, reiskap osv. ikkje må vere så strenge at ingen finn det tenleg å delta. Dette avdi fiskeristyresmaktene treng dei dataene ein kan få frå fiske, for å auke kunnskapsgrunnlaget om snøkrabbe.

Biomassa av snøkrabbe er, i høve høyringsnotatet, ti gonger større enn for kongekrabbe, og veksten har vore mykje raskare enn for kongekrabbe.

Med bakgrunn i den raske veksten, og at snøkrabbe et botndyr og dermed sannsynleg vil vere ein konkurrent til fisk som finn næring på botn, meiner styret i Fiskarlaget Vest at det er svært viktig at fiskeristyresmaktene snarast får oversikt over kva påverknad snøkrabbe, som ny introdusert art, har på økosystemet.

I høve høyringsnotatet vil NFD forvalte bestanden etter prinsippet om berekraftig hausting, men styret meiner at fiskeristyresmaktene først må vite kva konsekvensar snøkrabbe har på økosystemet, før ein kan bestemme korleis ein skal forvalte den.»

#### **SAK 78/14 BRUK AV DOBBELTRÅL I KYSTREKEFISKET I NORDLAND – HØYRING.**

##### **VEDTAK:**

«Viser til høyringsbrev av 03.11.14 frå Norges Fiskarlag om saka.

I høve Utøvelsesforskrifta § 14, «Trålbegrensning», er det forbode å bruke meir enn to tråler (dobbeltrål) pr. fartøy i trålfisket sør for 62°N. Forbodet gjeld ikkje for trålfiske etter reker og sjøkreps i Skagerrak.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at reguleringane av fiske i Norge skal handsamast nasjonalt, og det gjeld òg rekefisket i Nordland.

Styret i Fiskarlaget Vest går på generelt grunnlag imot at det blir innført forbod mot bruk av dobbeltrål i rekefisket innafor grunnlinja i Nordland på bakgrunn av «synsinga» i brev av 23.10.14 frå Nordland Fylkes Fiskarlag.»

#### **SAK 79/14 NYTT REGELVERK FOR FANGSTBASERT AKVAKULTUR – HØYRING.**

##### **VEDTAK:**

«Viser til høyringsbrev av 06.11.14 frå Norges Fiskarlag om saka.

Føremålet til regelverksforenklinga for fangstbasert akvakultur er på sikt å leggje til rette for auka verdiskaping i torskesektoren gjennom ein råstoffbuffer ved hjelp av fangstbasert akvakultur. Det kan òg vere aktuelt med fangstbasert akvakultur for andre ville, marine artar.

Styret i Fiskarlaget Vest ser positivt på at regelverket for fangstbasert akvakultur i høve m.a. NYTEK-forskrifta, transport, slakting, blir forenkla, men det må likevel ikkje vere slik at permanente anlegg, inklusiv fortøyingar, blir lagt ut i område som blir til hinder for ordinært fiske, jf. arealproblematikken i høve anna oppdrettsverksemd. Ein må òg ha fokus på

miljøkonsekvensane av slikt oppdrett, spesielt i høve til registrerte gyte-/oppvekstområde. Det er òg viktig at ein føretek undersøking før oppstart, slik at ein kan følge utviklinga, og setje inn tiltak om naudsynt.»

**SAK 80/14 REGULERING AV JAKT PÅ KYSTSEL – HØYRING.**

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest sluttar seg til at «forvaltningen av sel langs norskekysten skal sikre levedyktige bestander innenfor deres naturlege utbredelsesområder.» Styret meiner at bestandsregulerende tiltak må setjast inn i område der kystsel har skadeverknad på fiskerinæringa. Det må òg gjelde i Hordaland, slik som elles langs kysten på Vestlandet.»

**SAK 81/14 FORSKRIFT OM PLIKT TIL Å BRUKE LOS I NORSKE FARVANN –  
INNSEGLINGSKORRIDORAR/BORDINGSFELT - HØYRING**

**VEDTAK:**

«Viser til høyringsbrev av 11.11.14 frå Norges Fiskarlag om saka.

Styret i Fiskarlaget Vest viser til at losplikta gjeld generelt innafor grunnlinja. Kystverket har funne å ville etablere lospliktfrie område over einskilde opne farvatn, innafor grunnlinja, som er mindre krevjande å navigere i. Det er kun dei fartøya som er i direkte seilas til eller frå losbordingsfeltet for å ta/kvitte los, som er fritatt for los i desse områda.

Styret meiner at det er viktig at ikkje losbordingsområda blir lagt i viktige fiskeområde da ein har eksempel på at Kystverket har gått imot eit oppdrettsanlegg ved Fedje med bakgrunn i losbordingsområde. Det er ikkje heilt samanliknbart, sidan eit oppdrettsanlegg er ein fast installasjon, men det synleggjer problematikken.

I høve innseglingsskorridorar viser ein til erfaring frå området med Trafikksepareringssystem i Skudefjorden der fiskefartøya til tider opplever at fartøya, som må nytte korridoren, kjem tett opp i dei som driv t.d. reketråling i området. Det verkar som om det ikkje er rom for desse fartøya å svinge unna pågåande fiskeriverksemd.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner på bakgrunn av ovannemnde, at ein må unngå at innføringa av lospliktfrie innseglingsskorridorar, innafor grunnlinja, fører til aukande konflikt med fiskeflåten.

Styret har ikkje sett spesifikt på dei føreslegne korridorane og losbordingsfelt, og støttar Norges Fiskarlag sitt forslag om at Kystverket i samarbeid med Norges Fiskarlag må ta ei heilheitleg gjennomgang av desse. I den samanhengen vil ein òg vise til dei registrerte fiskeriinteressne på Fiskeridirektoratet si nettside.»

**SAK 82/14 REGIONAL PLAN FOR SJØAREAL, ROGALAND – HØYRING.****VEDTAK:**

«Viser til høringsbrev av 22.10.14 frå Rogaland Fylkeskommune (RFK), samt brev av 21.11.14 frå Fiskeridirektoratet region sør, om saka.

*I høve brevet frå RFK er ein «i gong med å lage ein regionplan for sjøareal med vekt på havbruk. Hovudføremålet er å leggje til rette for ei miljøvenleg næringsutvikling innan havbruk i sjøen, og då med ein brei definisjon av havbruk....Regionalplanen skal take omsyn til alle arealbruksinteressene i sjøen. Det skal gjerast vektingar av konsekvensar for å kome fram til ei overordna arealdisponering for havbruk som er i minst mogeleg konflikt med andre samfunns- og næringsinteresser. For å få til dette er det viktig at interessene er godt representert og involvert i planarbeidet.»*

Styret i Fiskarlaget Vest finn det underleg at RFK, som er regional planmynde, og har ansvar for tildeling av løyver i høva akvakulturlova, finn å ville lage ein «Regional plan for sjøareal» for Rogaland med hovudvekt på eit tema, her havbruk. Styret meiner at om RFK skal lage ein «Regional plan for sjøareal», må alle tema inn, for det kan ikkje vere slik at ein først «legg inn» eit tema, her havbruk, og så får dei andre nytte områda som er igjen etter at havbruk har tatt det ein treng av sjøareal, jf. arbeidet med kommuneplanen i Vindafjord, der ein i ettertid tok inn m.a. fiskeriinteressene. Styret kan ikkje akseptere at ein slik handlingsmåte blir valt.

I høve utkast til Planprogram, side 6 og 8, har ein allereie ein «vedteken akvakulturstrategi for Rogaland» (sak 47/13 i Fylkestinget 11. juni 2013).

Når det gjeld å planleggje ser styret positivt på at ein lagar ein regional plan, da Fiskarlaget Vest heile tida har vist til at det blir feil å vurdere kvar einskild akvakulturlokalitet/kommune for seg, men at ein må sjå eit større område under eitt. Det spør om den regionale planen vil ha noko å seie når «Regionalplan for sjøareal vil ikkje vera forpliktande og juridisk bindande for kommunane....Regionalplanen vil vera ei hjelp for både havbruksnæringa og kommunane.» (side 10)

Styret er positiv til at Fiskarlaget Vest blir representert i referansegruppa. (s. 16)

Det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing som «skal vera eit grunnlag for å ta stilling til sjølve planforslaget....»

Til slutt vil ein peike på at kommunane har ansvar for å ivareta lokale fiskeriinteresser, og svake regionale fiskeriinteresser.

På bakgrunn av ovannemnde føreset styret i Fiskarlaget Vest at fiskeriinteressene i området blir godt ivaretatt i det vidare arbeidet med planen.»

**SAK 83/14 ADMINISTRATIVT HANDSAMA SAKER.**

- 20.10.14 SØKNAD OM ENDRING AV LOKALITET 22596, HESBYGRUNNEN, FINNØY.  
(1027/14/5.7.12)
- 20.10.14 SØKNAD OM DISPENSASJON TIL OPPFØRING (AV EKSISTERANDE KAI) GNR 30  
BNR 71, TRÆET, ASKØY. (1029/14/5.7.1.3)
- 20.10.14 SØKNAD OM OPPFØRING AV TREBRYGGE GNR 18/284, ALGRØYNA, FJELL.  
(1030/14/5.7.1.3)
- 27.10.14 FORSLAG TIL DETALJREGULERING GNR 60 BNR 294, GOAVIKA, RANDABERG.  
(1051/14/5.7.1.3)
- 27.10.14 SØKNAD OM UTFYLLING I SJØ GNR. 53 BNR 169, ALVHEIM, ØYGARDEN.  
(1053/14/5.7.1.3)
- 28.10.14 SØKNAD OM LØYVE FOR SKIP TIL SKIP OPERASJONAR I HERVIKFJORDEN,  
ROGALAND. (1065/14/5.7.1.3)
- 28.10.14 SØKNAD OM ANLEGGSENDRING OG AUKA BIOMASSE, LÅVA, FINNØY.  
(1070/14/5.7.12)
- 28.10.14 TRAFIKKHAMN, VELDEØYANE, KARMØY. (1071/14/5.7.1.3)
- 05.11.14 VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING, GNR 75/3 M.FL, FISTER,  
HJELMELAND. (1156/14/5.7.1.3)
- 20.10.14 SØKNAD OM ENDRING AV LOKALITET 22596, HESBYGRUNNEN, FINNØY.  
(1027/14/5.7.12)
- 20.10.14 SØKNAD OM DISPENSASJON TIL OPPFØRING (AV EKSISTERANDE KAI) GNR 30  
BNR 71, TRÆET, ASKØY. (1029/14/5.7.1.3)
- 20.10.14 SØKNAD OM OPPFØRING AV TREBRYGGE GNR 18/284, ALGRØYNA, FJELL.  
(1030/14/5.7.1.3)
- 27.10.14 FORSLAG TIL DETALJREGULERING GNR 60 BNR 294, GOAVIKA, RANDABERG.  
(1051/14/5.7.1.3)
- 27.10.14 SØKNAD OM UTFYLLING I SJØ GNR. 53 BNR 169, ALVHEIM, ØYGARDEN.  
(1053/14/5.7.1.3)
- 28.10.14 SØKNAD OM LØYVE FOR SKIP TIL SKIP OPERASJONAR I HERVIKFJORDEN,  
ROGALAND. (1065/14/5.7.1.3)
- 28.10.14 SØKNAD OM ANLEGGSENDRING OG AUKA BIOMASSE, LÅVA, FINNØY.  
(1070/14/5.7.12)
- 28.10.14 TRAFIKKHAMN, VELDEØYANE, KARMØY. (1071/14/5.7.1.3)
- 05.11.14 VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING, GNR 75/3 M.FL, FISTER,  
HJELMELAND. (1156/14/5.7.1.3)
- 06.11.14 VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEIDE: OMRÅDEPLAN FOR NORDMARKA  
NÆRINGSPARK, STRAND. (Planid 1130201403) (1154/14/5.7.1.3)
- 06.11.14 SØKNAD OM ENDRING AV LOKALITET 11488 BRATTAVIKA, AUSTEVOLL.  
(1155/14/5.7.12)
- 14.11.14 PLAN 2126. FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN, BUØY ØST, HUNDVÅG, STAVANGER.  
(1158/14/5.7.1.3)

- 20.11.14 SØKNAD OM UTBEDRING AV BRYGGE GNR 44 BNR 99, RENNESØY. (1223/14/5.7.1.3)  
20.11.14 REGULERINGSPLAN GNR 38 BNR 263 M.FL, POTTERIDOKKEN, SANDNES.  
(1224/14/5.7.1.3)  
20.11.14 REGULERINGSPLAN HAVNEVEGEN 16, TANANGER, SOLA. (1225/14/5.7.1.3)  
20.11.14 SØKNAD OM AKVAKULTUR AV TARE, STORØY Ø, SVEIO. (1226/14/5.7.12)  
20.11.14 KOMMUNEDELPLAN AVLØP OG VASSMILJØ, STORD. (1227/14/5.7.1.0)

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest tar ovannemnde liste til orientering.»

**SAK 84/14 MAKRELLFISKET I GARN-/SNØREGRUPPA – SPØRMÅL OM UTVIDA REISKAPSFLEKSIBILITET – OPPNEMNING AV UTVAL.****VEDTAK:**

«Ein viser til brev av 21.11.14 frå Norges Fiskarlag til Fiskerlaget Sør, Fiskarlaget Vest, Møre og Romsdal Fiskarlag og Nordland Fylkes Fiskarlag om saka.

Fiskarlaget Vest skal oppnemne ein representant til arbeidsgruppa frå fartøygruppa med heimelslengde over 13 m.

Styret føreslår følgjande: Håkon Matre  
(stor kyst, heimels- og faktisk lengde over 15 m)»

**SAK 85/14 ORIENTERING OM ORGANISASJONSKURS DEL I, 01.-02.12.14, BERGEN.****VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest tar orienteringa til etterretning.»

Møtet var slutt kl. 1100.

Kåre Heggebø  
leiar

Daniel Stenevik

Knut Arne Torget

Jan Henning Larsen Hestnes

Finn Magnus Alvestad

Helge Olav Vikshåland

Britt Sæle Instebo  
sekretær